



Reidar Bø  
Nesttunkollen 10  
5221 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2188 - 19/29906

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
09.10.2019

## Avslag på søknad om utsleppsløyve - gbnr 106/50 Fanebust

**Administrativt vedtak:** Saknr: 569/19


**Tiltakshavar:** Reidar Bø  
**Ansvarleg søker:** Hjelmås VVS AS  
**Type utslepp:**  
**Søknadstype**

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 106/50. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett ledning til eksisterande felles utsleppsledning som går til sjø. Det skal installerast vassklosett. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Utsleppet frå eigedomen skal koplast til fellesledningen inne på eigedomen gbnr 106/53.



Kommunen har i skriv datert 09.09.2019 varsla at det vil verta gitt avslag på søknaden. Søkjar har fått moglegheit til å trekka søknaden med frist til 01.10.2019. Søknaden er per dato ikkje trekt.

Det vert elles vist til søknad mottatt 31.07.2019.

#### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert LNF-føremål.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

Eigar av gbnr 106/38 har i e-post datert 06.07.2019 kome med merknad til søknaden om at tilkoplingspunktet til fellesleidningen ikkje er korrekt, men ligg ca. 70 meter lenger aust. Tiltakshavar har kommentert nabomerknad og skriv at innmåling av tilkoplingspunkt vert nøyaktig målt før arbeid vert sett i gang.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Det ligg føre erklæring med løyve til å etablera utsleppsleidning som omsøkt frå eigar av gbnr 106/8 og 106/153.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Søknaden har ikkje vore send på høyring til andre styresmakter, men har vore lagt fram for avdeling for vatn og avløp.

#### **Tilkopling til eksisterande utsleppsleidning**

Det er ikkje opplyst om det ligg føre utsleppsløyve for den eksisterande utsleppsleidningen som utsleppet frå gbnr 106/50 skal koplast til. Det er heller ikkje opplyst kor mange pe utsleppsleidningen er godkjend for. Utsleppsleidningen i sin heilskap og utsleppsstad er ikkje vist på situasjonsplanen.

#### **VURDERING**

Det er ikkje etablert kommunalt avløpsanlegg fram til eigedomen gbnr 106/50, men eigedomen ligg i nærleiken av område som er omfatta av reguleringsplanen Fonnebost der eigedomane skal knytast til kommunalt vass- og avløpsanlegg.

Plikt til tilknytning til offentleg avløpsleidning følg av plan- og bygningslova § 27-2. Bygningar som ligg på ein eigedom der offentleg avløpsleidning går over eigedomen, i veg som grensar til eigedomen eller over nærliggjande areal, skal etter plan- og bygningslova 27-2 andre ledd knytast til dei offentlege leidningane. Bakgrunnen for tilknytingsplikta er forureiningsmessige omsyn og at avløpsanlegga vert bygd ut og drive både teknisk og økonomisk rasjonelt.

Kommunen ønskjer at flest mogleg skal kunne knytast til kommunalt avløpsanlegg og vil av denne grunn ikkje godkjenna nye separate utslepp i område der ein vil kunne knyta seg til kommunalt anlegg, anten direkte eller via private leidningar. Dette gjeld også område der det ikkje er etablert, men planlagt utbygging av kommunalt anlegg. Søknaden om utsleppsløyve vert avslått.

#### **Til orientering**

Saka omfatta både søknad om utsleppsløyve og søknad om løyve til å etablera tiltaket etter plan- og bygningslova, dvs. byggjeløyve. Når søknaden om utsleppsløyve vert avslått er det ikkje grunnlag for å handsama søknaden om løyve til å etablera anlegget.

Ved eventuell innsending av klage på vedtaket må det gjerast greie for kor tid utsleppsleidningen til sjø vart godkjend, kor mange pe leidningen er godkjend for og plassering av utsleppsleidningen på land og i sjø.

Etablering av avløpsanlegg for eigedommen kan vera i strid med arealføremålet og krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon. Ytterlegare nabovarsling kan også vera nødvendig.

## **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det ikkje gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 106/50.**

**Grunngjevinga går fram av vurderinga over.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til sak nr. 19/2188.**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hjelmås VVS AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG

**Mottakrar:**

Hjelmås VVS AS

Reidar Bø

Torvhusmyrane 2 5913

Nesttunkollen 10 5221

EIKANGERVÅG

NESTTUN